




Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Årsrapport 2024

Rapport

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen



Kolofon

Utførende institusjon

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Kontaktpersonar

Nasjonalparkforvaltarar Eldrid Nedrelo og Kari Sveen

Publikasjonsnummer

År

Sidetall

Opplag

2024

22

Utgiver

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Forfatter(e)

Eldrid Nedrelo og Kari Sveen

Tittel

Årsrapport 2024 - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Samandrag

Årsrapporten gjev ein oversikt over arbeidet i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og aktiviteten i sekretariatet i 2024.

Forsidefoto

Styret samla på Bessheim - frå venstre: Stein Windingstad - SNO, forvaltar Eldrid Nedrelo, Marit Sletten, Harald Sve Bjørndal, Trude Brosvik, Geir-Arve Sandvik, Leif Solemsli, forvaltar Kari Sveen, Christian Sønstelien. Foto: Kari Lund. Andre foto: Kari Sveen og Eldrid Nedrelo

Innhald

1. Verneområda – status	5
1.1 Sentrale dokument.....	5
2. Aktørar i verneområda.....	5
2.1 Nasjonalparkstyret	5
2.2 Nasjonalparkforvaltarar	6
2.3 Naturoppsynet	6
2.4 Sentrale myndigheiter	6
2.5 Brukarar – ferdselsteljing og brukarundersøkingar	6
3. Arbeid i Nasjonalparkstyret 2024	8
3.1.1 Saker behandla med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48	8
3.2 Økonomi	9
3.3 Ulovlege tiltak - oppfølging	10
3.4 Rådgjevande utval	10
4. Aktivitet.....	10
4.1 Informasjon, fagsamlingar, møte og synfaringar.....	10
4.2 Skjøtsel og vedlikehald	12
4.2.1 Jotunheimen Vest / Utladalen:	12
4.2.2 Jotunheimen Aust:	12
4.3 Tilrettelegging for friluftsliv og besøkande i verneområda.....	13
4.3.1 Stiltak Besseggen og Øvre Leirungsdalen.....	13
4.3.2 Utsiktspunkt Vettisfossen	14
4.4 Arrangement i verneområda.....	14
4.5 Randsonearrangement	14
5. Vidare arbeid	15
5.1 Revisjon av forvaltningsplanen.....	15
5.2 Besøksstrategi	15
5.3 Kartleggingsarbeid	15
5.4 Kampanje / informasjon	15
5.5 Implementering av merkevaren <i>Norges Nasjonalparker</i>	15
5.5 Verdiskaping	16
Vedlegg – fotoglimt 2024 Jotunheimen og Utladalen	17

Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980.

I 2011 vart første Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert, etter at det vart opna for lokal forvaltning av dei store verneområda. Miljødirektoratet oppnemnde nytt nasjonalparkstyre for 2024-27 ved brev 25.01.2024. Styret konstituerte seg i møte 9. februar 2024.

Jotunheimen har to nasjonalparkforvaltarar, med kontorplassar i Lom og Luster. Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for den daglege drifta.

Årsrapporten gjev ei samla framstilling av arbeidet i nasjonalparkstyret og i sekretariatet, tiltak og registreringar som er gjort i felt og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen



Islagt Gjende, mai 2024. Foto: Kari Sveen

1. Verneområda – status

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta ved Kgl. res. 05.12.1980. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltning av verneområda. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjer for forvaltning av verneområda, og har delt nasjonalparken i ulike soner for differensiert forvaltning.

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda. Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen vart i 2004 tekne opp til revisjon i samband med rullering av den første forvaltningsplanen frå 1998. Reviderte forskrifter vart godkjente 14.11.14.

1.1 Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01. juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og dei generelle unntaksheimlane i verneforskriftene er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde revidert 14.11.14. Endring om bruk av el-sykkel på Glitterheimvegen og Koldedalsvegen – vedtak 27.11.20.

Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Revisjon av planen starta i 2004, parallelt med revisjon av verneforskriftene. Godkjenning av forvaltningsplan måtte vente på vedtak av nye forskrifter. Dette vedtaket kom først i november 2014. Utkast frå 2008 har vore brukt som rettleiande dokument i forvaltninga.

I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen (1998) og Gjendebu-området (2004). I 2010 vart det gjort ny vurdering av skjøtselsbehova for både eksisterande og nye skjøtselslokalitetar for heile Utladalen. Nytt utkast til skjøtselsplan for Utladalen vart utarbeidd av Tanaquil Enzensberger i 2013, og revidert i 2022. Revidert plan er under behandling for formell godkjenning i tråd med gjeldande krav. I 2011 gjorde Miljøfaglig Utredning ei fagleg evaluering av skjøtsel og utviklinga i Gjendebu-området, og vidare skjøtsel har fylgd tilrådingane her.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Denne skal bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleving, bidra til auka verdiskaping, og samstundes ta vare på verneverdiane. Besøksstrategien blir nå innarbeidd som del av forvaltningsplanen i revisjonsarbeidet.

Arbeidet med revisjonen av forvaltningsplan inkl. besøksstrategien stoppa dessverre opp som følgje av unødig langvarig vakanse i stillinga på vestsida i 2018-20. Revisjonsarbeidet starta opp att med utsending av formelt oppstartvarsel og prosjektplan den 09.07.2021. Mange større saker til oppfølging gjer at framdrifta er forseinka.

2. Aktørar i verneområda

2.1 Nasjonalparkstyret

Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Styret for perioden 2024-27:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representerar
leiar	Leif Solemsli	Marit Andrisdottir Kvam	Vang kommune
nestleiar	Christian Sønstelien	Anne Kauppi	Årdal kommune
styremedlem	Marit Sletten	Kjell Brandsar	Lom kommune
styremedlem	Geir-Arve Sandvik	Marianne Bugge *	Luster kommune
styremedlem	Harald Sve Bjørndal	Åsta Røhr Kleiven	Vågå kommune
styremedlem	Trude Brosvik	Oddmund Klakegg	Vestland fylkeskommune
styremedlem	Åse Harjo Øvstegård	Ole Mathias Rønaasen	Innlandet fylkeskommune

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Statsforvalteren i Innlandet og postadressa er:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, Postboks 987, 2604 Lillehammer
mail: sfinpost@statsforvalteren.no

2.2 Nasjonalparkforvaltarar

Sekretariatet består av to forvaltarar, som skal førebu saker for styret, drive informasjon og halde kontakt med brukarar av verneområda. Nasjonalparkforvaltarane er administrativt tilsette hos Statsforvaltaren i Innlandet og i Vestland, men er underlagt Nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Statsforvaltaren har ingen instruksjonsrett når det gjeld forvaltarane sitt arbeid for styret, men kan i samråd med leiar av nasjonalparkstyret nytte forvaltarane til andre arbeidsoppgåver for andre verneområde eller i embetet, ved behov og ledig kapasitet.

- Kari Sveen er nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Norsk Fjellsenter i Lom. Har vore i stillinga frå 2012.
- Eldrid Nedrelo er forvaltar med kontorstad på rådhuset i Gaupne, i Luster. Ho kom frå tilsvarende stilling i Breheimen (frå 2011), og starta i Jotunheimen våren 2020.

2.3 Naturoppsynet

Naturoppsynet skal følgje opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av Nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar. Forvaltninga kan konkretisere særskilde oppdrag som dei ønskjer at SNO skal følgje opp.

Statens Naturoppsyn (SNO) er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med administrativ stab i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Stein O. Windingstad er tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som hovudområde. Kontorstad: Valdres / feltkontor. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstyresamband om tenestekjøp som omfattar både oppsyn og utføring av tiltak. I 2024 er det kjøpt oppsynstenester frå fjellstyra i Lom, Vågå og Vestre Slidre.

2.4 Sentrale myndigheiter

Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har areal innanfor verneområdet. Kommunane har myndigheit etter m.a. plan- og bygningslova og motorferdselslova, og i fleire saker må brukarar innhente løyve både frå verneforskrift og anna lovverk. Kommunane har og overordna ansvar for arealforvaltninga, og god dialog er særleg viktig når det gjeld innfallsportane og randsonene til verneområda.

Fylkeskommunen har myndigheit etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminne og restaurering av bygg. Kvar av dei fem kommunane og to fylkeskommunane med areal innan verneområda har oppnemnt sine representantar til administrativt kontaktutval. Administrativt kontaktutval skal bidra til god kommunikasjon mellom administrative nivå for nasjonalparkforvaltninga og kommunane.

Miljøvernavingdelingane hos Statsforvaltarane har fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant. Statsforvaltarane har klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

2.5 Brukarar – ferdselsteljing og brukarundersøkingar

I Jotunheimen og Utladalen finn vi nokre av dei mest kjende turisthyttene, med tilhøyrande stinett. Attraktive turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besøkande. I tillegg til fjellvandrane er det grunneigarar, rettshavarar, bedrifter, forskning/kunnskapsformidling, lag og organisasjonar som brukar verneområda for både næring og rekreasjon. DNT-hyttene Glitterheim, Gjendebu og Skogadalsbøen og den private turisthytta Memurubu er større overnattingsbedrifter innan verneområda. I tillegg har ein den høgastliggande turisthytta på Fannaråken, den store sjølvbeteningshytta Olavsbu og mindre sjølvbeteningshytter og ubetente hytter i Utladalen landskapsvernområde. Vidare er ei rekkje større og mindre bedrifter plassert ved innfallsportane og i randsona, og det er fleire aktivitetsfirma /bedrifter som driv breføring, klatring og turguidning i og rundt verneområda.

Sentrale brukarinteresser er beitebruk, jakt og fiske. Tamreinlaga i Lom og Vågå, Storådalen beitelag, Russdalen beitelag, Besstrondfjellet beitelag og Utladalen sameige nyttar beiteressursane innan verneområda.

I Utladalen har private aktører som Stiftinga Avdal Gard, Vetti Gard turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og grunneigarar ulike former for aktivitet og næringsverksemd.


Ferdselsteljingar

Det har vore utplassert i alt 5 ferdselsteljarar i 2024, men det har vore noko tekniske problem med ein av dei.

Ferdselsteljar utplassert ved Veslløyfti på Besseggenruta viste 40662 passeringar i perioden 28.05.-08.10.2024. Utviklinga følgjer same hovudtrekk som Gjendebåten. Gjendebåten fekk redusert kapasitet pga. smittevernreglar for Covid19 i 2020 og 2021, og trafikken synest å ha lagt seg på eit lågare nivå også i åra etter. Dette kan og ha samband med at parkeringa vart flytta ca. 2 km, frå Gjendeosen til Reinsvängen, frå og med 2020. Ved at det skjedde fleire endringar i same tidsrom er det vanskeleg å kople nedgangen til ei konkret endring.

Trafikktal Besseggen og Gjendebåten 2017-2024

År	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Gjendebåten	63228	67851	62909	47332	47577	48975	43732	48716
Ferdselsteljar Besseggen	54304	56599	54084	40270	38497	46331	38162	40662



Utvikling av ferdsel over Knutshøe – 2016-2024 (ikkje teljar 2017-2018)

År	2016	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tal passeringar	6554	9508	11932	13267	13005	10825	11593

Ferdsla over Knutshøe har auka markant frå 2015-16 da første ferdselsteljing her vart gjennomført. Sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen frå 2015 har statistikk heilt tilbake på 1980-talet, og den viser nedgang i hekkesuksess etter kvart som trafikken har auka. Det er stor ferdsel over Knutshøe i juni, og dette viser at ein bør arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrringar. Frå 2022 har det vorte lagt inn eit OBS-varsel via karttenesta UT.no, med ei oppmoding om å utsetja turen over Knutshøe til etter 1. juli for å unngå ferdsel i den mest sårbare sesongen for fuglelivet. Kampanjen har fått noko respons i sosiale media, men har til nå ikkje gjeve merkbart utslag på ferdselsmønsteret. Kampanjen må følgast opp over fleire år før ein kan si om det har nokon effekt. For å ha ferske tal på eit område med stor merksemd frå media, forskarar og studentmiljø, bør teljinga her halde fram, for å kunne vurdere i kva grad varsling via Ut.no eller andre digitale kanalar kan vera eit verkemiddel for styring av ferdsel bort frå den mest sårbare tida for fuglelivet.

På Juvflye mot Galdhøpiggen var det registrert 11.681 passeringar totalt i perioden 28.05.-08.10.2024, men det kan sjå ut som om teljinga har vore mangelfull i eine retninga. Ny teljing må gjennomførast for kvalitetssikring.

I Utladalen har det vore ferdselsteljing sidan 2020. Det første året var teljaren plassert ved bommen i starten av Vettisvegen. Då vart det registrert 58456 passeringar ut og inn dalen. I 2021 vart teljaren plassert ved stien opp frå Vetti gard mot Vettismorki, og det vart registrert 6911 passeringar dette året, før utsiktspunktet vart bygd. I 2022 vart det registrert 16 815 passeringar inn under fossen (nede). Teljaren var plassert ved stien opp frå Vetti gard mot Vettismorki både i 2023 og 2024. Det vart registrert heile 36864 passeringar i 2024, eller 18.-19.000 kvar veg. Dette er ein voldsom auke frå året før, da det var 12115 passeringar. Det kan ha samanheng med at det nye utsiktspunktet som vart opna i juni 2023 har trekt fleire folk etter kvart som attraksjonen vart betre kjend, men bør kontrollerast med ny teljing i 2025. Dette kan også vera eit teikn på at ferdsla i dalføret har endra seg etter at utsiktspunktet vart bygd, med fleire som går til toppen av fossen i staden for å gå inn under fossen. Teljingar dei neste åra vil kunne vise om besøkstala i Utladalen har auka samla sett etter etablering av utsiktspunktet.

Teljar i Skagastølsdalen har hatt tekniske problem, så det må arbeidast vidare for å få betre data her.

Brukarundersøkingar

Analyser/rapportar frå brukarundersøkingane gjev verdfull informasjon til bruk i forvaltninga. Det er gjennomført brukarundersøkingar i 1992, 2002, 2010 og 2019. Rapportane er tilgjengelege her:

[Nasjonalparkstyre | Brukarundersøkingar](#)

3. Arbeid i Nasjonalparkstyret 2024

Nasjonalparkstyret består av representantar med sentrale politiske verv, og dei fem kommunane har vore representert ved ordførar, varaordførar eller medlem av formannskap/kommunestyre. Møteplanen har vore lagt opp med både fysiske og digitale møte. I vinterhalvåret med stengde fjelloverganger og store reiseavstandar er det mest digitale møte. AU-møte blir kalla inn ved behov, der ein har saker som hastar og som krev politisk behandling i tråd med delegasjonsreglementet. Reglementet vart revidert ved nytt styrevedtak 12.09.24.

3.1 Møteverksemd

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har hatt 7 møte i 2024, og behandla 49 saker.

Det har vore 2 møte i Arbeidsutvalet. Forvaltarane har i medhald av delegert myndigheit gjort administrative vedtak i 43 saker.

Møteoversikt 2024:

1/24	09.02.2024	Teams
2/24	15.03.2024	Teams
3/24	29.04.2024	Teams
4/24	11.06.2024	Møte Gjendesheim i Vågå, 2 deltok via Teams
5/24	18.06.2024	E-postmøte
6/24	12.09.2024	Felles samling med Rådgjevande utval frå 11.09. på Bessheim i Vågå
7/24	20.11.2024	Teams

Arbeidsutvalet

AU-1/24	12.03.2024	Teams
AU-2/24	15.05.2024	Teams

3.1.1 Saker behandla med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48

Fleire av sakene blir behandla etter naturmangfaldlova § 48 pga. manglande spesifisert heimel i verneforskriftene for saker som gjeld bruk av dronar, særskilte behov knytt til turisthyttene i samband med vedlikehald på/ved bygningar, dispensasjonar gjeve i forskningssamanheng og opprydding av søppel. Dette understrekar behovet for betre tilpassa/spesifiserte reglar i verneforskriftene, jf. også funn i evalueringsrapporten frå Nordlandsforskning om lokal forvaltning.

3.2 Økonomi

Nasjonalparkstyret vurderer kvar haust aktuelle tiltak for søknad om tiltaksmidlar for det komande året. I 2024 vart det løyvd 1,1 millionar kroner til tiltak, og 765.000 kroner til skjøtsel på SNO-budsjettet.

Tiltaksmidlar for 2024 (bestillingsdialogen)	Tildeling/ budsjett	Sum utgifter rekneskap	Avvik	Gjennomføring, merknader
Skjøtsel	765.000	725.000		Tildelt SNO
Slått på Skåri, Avdalen og Vetti		290 000 *		Utført, SNO
Styrt beite heimre Utladalen		200 000 *		Utført, SNO
Styving/rising av alm og lind, Utladalen		50 000 *		Utført, SNO
Skjøtsel/krattrydding Øvre Utladalen	40000	0		Ikkje utført i 2024
Styrt beite med storfe rundt Gjendebru / Storådalen		100 000 *		Utført, SNO
Vegetasjonsrydding Gjendebru		35.000 *		Utført, SNO
Styrt beite ved Gjendebru (geit)		20 000 *		Utført, SNO
Slått av seterkrve ved Gjendebru		30.000 *		Utført, SNO
Sum skjøtsel, SNO-budsjett		725.000	-40000	* fordelt deltiltak i tråd med tildeling
Stiarbeid	Budsjett	Rekneskap		
Utbetring av Besseggstien etter uværet "Hans"	650.000	596 318		Arbeidet starta opp oktober 2023, men måtte avbrytast pga tele og snø. Ny oppstart mai -24, ferdigstilt juni 2024.
Stitiltak Vetti - Vettismorki	450.000**	9 645		Fareskilt på kanten av juvet. Arbeid med rekkverk utsett. Budsjetterte midlar til rekkverk m.m. på Vettistien omdisponert til andre tiltak, NP-styret, sak 37/2024
Andre stitiltak	225.000**	212 459		Ledige midlar omdisponert til ulike stitiltak i samarbeid med fjellstyra (Knutshøstien, parsell Øvre Leirungsdalen i Vågå, Besseggen-stien ovafor Memurubu i Lom).
Informasjon/ tilrettelegging				
Naturstiar - oppgradering i tråd med designmanual	200.000**	177 291		Ledige midlar omdisponert til oppstart av arbeid med natursti ved Gjende og delfinansiering av skilt på natursti i Utladalen
Skilting, oppgradering av innfallsportar	25.000**	61 347		Nye informasjonsskilt Knutshøe. Utsifting av karttavler med oppdatert kart på 6 innfallsportar
Totalt rekneskap tiltaksmidlar,	1.100.000	1.057.060	42.980***	*** Av dette 30.000 overført til Rondane/Dovre.

	** Ledige midlar som følgje av at større tiltak på Vettisstien vart utsett vart omdisponert til andre stiltak, oppstart av arbeid med natursti ved Gjende og div. oppgradering av infoskilt
--	---

Drift og planarbeid,		Budsjett	Rekneskap
Styret og utvala + Drift (2NV011)	Reise- og møtegodtgjersle Nasjonalparkstyret og Rådgjevande utval 300.000 + drift 100.000	400.000	408.045
Planarbeid (2NV019)	Møte forvaltningsplan - Samarbeid Utladalen nasjonalparksenter	50.000	40.000

3.3 Ulovlege tiltak - oppfølging

Det vart registrert ei sak om ulovleg droneflyging som førebels ikkje er fylgd opp. Overtredelsesgebyr kan vera aktuelt, og vil bli vurdert i samråd med Miljødirektoratet.

3.4 Rådgjevande utval

Rådgjevande utval var samla på Bessheim i Vågå 11. september. Administrativt kontaktutval og SNO deltok også i møtet. Medrekna forvaltarane og styret var det i alt 35 deltakarar registrert på fellesmøtet.

Nasjonalparkstyret var og til stades, og hadde ordinært styremøte dagen etter, 12. september.

Det vart gjennomført synfaring til Gjendeosen, med orientering om tilrettelegginga til Nasjonale Turistveger, om reparasjon av Besseggenstien og om planlagt fornying av naturstien langs Gjende.



4. Aktivitet

4.1 Informasjon, fagsamlingar, møte og synfaringar

Jotunheimen fekk to nye informasjonssenter frå 2024. Utladalen nasjonalparksenter fekk bygd universell tilkomst til utstillinga i Utladalen Naturhus, og kunne opne allereie på forsommaren 2024. Ny natursti langs Folkevegen vart etablert. Naturhuset i Utladalen har lang tradisjon med skulebesøk og stod i 2024 for fleire arrangement. Utladalen nasjonalparksenter utførde også årlege skjøtselstiltak i Utladalen LVO etter kjøp av teneste frå SNO. Fortunsdalen besøkssenter arbeider med istandsetting av lokale og informasjon, og tek sikte på opning i 2025. Informasjonssenteret Norsk fjellsenter har faste årlege opplegg for grunnskulane i Ottadalen, og har i tillegg besøk av mange tilreisande skuleklasser og studentar. Gjennom året er det jamleg kontakt mellom forvaltinga og besøkssentra gjennom ulike samarbeid.

Nasjonalparkforvaltarane blir jamleg spurt om å informere på ulike arrangement, møte, seminar og i felt. Vi får også mange førespurnader frå studentar om intervju/informasjon knytt til bachelor- eller masterstudium. Mange utanlandske studentar ønskjer også tilbod om praksisplass/hospitering, men dette har vi ikkje kapasitet til å følgje

opp. Det er lagt vekt på informasjon og rettleiing til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar. Vi har også ein del besøk frå andre verneområde – både norske og utanlandske som er på studieturar.

Informasjonsoppdrag, foredrag, representasjon og arrangement

- **Lillehammer 14.-15. mars** Opplæringsprogram verneområdestyre i Innlandet / omegn. Geir-Arve Sandvik, Åse Harjo Øvstegård, vara Åsta Røhr Kleiven, vara O.M. Rønnaasen, Stein Windingstad. Kari Sveen var i arrangementskomiteen med hovudansvar for praktisk gjennomføring i Innlandet.
- **Sogndal 3.-4. april** - Opplæringsprogram verneområdestyre i Vestland. Chr. Sønstelien, Anne Kauppi, Trude Brosvik. Eldrid Nedrelo var i arrangementskomiteen for Vestland.

Møte og synfaringar med eksterne partar

- 15.01.24, Visit Jotunheimen – berekraftig reisemål. Forvaltar Kari Sveen er representert i reisemålsleiinga, og har delteke i fleire møte i 2024.
- Perioden jan- april 2024, Jamlege Teamsmøte Natursti i Utladalen. Samarbeidsmøte Utladalen nasjonalparksenter. Torun Todal Laberg og Jostein Bugjerde (begge Utladalen nasjonalparksenter), Eldrid Nedrelo, Kari Sveen, Stein Olav Windingstad (frå april)
- 16.01.2024, Fortunsdalen besøkssenter – samarbeidsmøte forvalting og nasjonalparksenter. Magnar Bjørk (besøkssenter), Liv Byrkjeland (SNO), Aina-Elise Stokkenes (Breheimen), Marte Meland (Luster kommune), Torunn Løhne Vinje (Stiftinga Ormeli Gard), Eldrid Nedrelo
- April/mai: Fleire møte/synfaringar med Nasjonale Turistveger for samarbeid og samordning av tiltak ved Gjende.
- 05.04.2024 Teamsmøte Bergland DNT Oslo og Omegn om bruer i Jotunheimen, Eldrid Nedrelo, Kari Sveen
- 24.04.2024 Teamsmøte Høgskulen i Vestland. Invitasjon til samarbeid om toppturteljing i Luster. Vegard Vereide (HVL), Marte Meland (Luster kommune), Eldrid Nedrelo
- 25.04.2024: Teamsmøte DNT Oslo og Omegn om etablering av nytt renseanlegg i Gjendebu, Eldrid Nedrelo, Kari Sveen
- 30.04.2024. Teamsmøte DNT Oslo og Omegn om utvendige planar i Gjendebu. Håvard Aamlien (DNT OO), Eldrid Nedrelo, Kari Sveen
- 04.06.24. Møte i Gaupne med Luster RKH, Sogn og Fjordane RKH og Statsforvaltaren i Vestland. Styreleiar Leif Solemsli, styremedlem Geir-Arve Sandvik og forvaltar Kari Sveen deltok.
- 05.-06.06.2024 Villreinrådets fagdagar, Eldrid Nedrelo
- 24.06.24. Synfaring sti Gjendebu/Svartdalen for vurdering av eventuelle stiltak, Kari Sveen, Stein Olav Windingstad - SNO
- 25.06.24. Oppstartsynfaring Memurubu Minikraftverk, saman med tiltakshavar, entreprenør og grunneigar, Kari Sveen
- 05.09.2025. Synfaring for nytt reinseanlegg ved Gjendebu
- 09.-11.08.2024 Slått og synfaring i Gjendebu, Storådalen beitelag, Eldrid Nedrelo, Kari Sveen, Stein Olav Windingstad (SNO)
- 16.-19. september: Stikurs på Billingen i regi av Stiskulen i SNO, Kari Sveen.
- Dialogmøte Teams med Luster RKH og Sogn og Fjordane RKH oktober 2024. Styremedlem Geir-Arve Sandvik og forvaltar Kari Sveen deltok.
- 03.10.2024 Teamsmøte DNT Oslo og Omegn om utfasing av bruk av diesel og omlegging til solenergi for drift av Skogadalsbøen, Eldrid Nedrelo, Kari Sveen
- 17.10.2024 Synfaring om endra straumtilførsel ved Vetti gard, grunneigar, tiltakshavar v/Straumnett og Eldrid Nedrelo deltok.
- Møte med Utladalen nasjonalparksenter 22.10.24, Eldrid Nedrelo, Kari Sveen, Stein O. Windingstad, SNO
- 31.10.24 Teamsmøte Miljødirektoratet, avklaring tiltak Utladalen nasjonalparksenter. Kim Daniel Hansen (Miljødirektoratet), Eldrid Nedrelo, Kari Sveen
- Fast årleg dialogmøte mellom forvaltninga, SNO og DNT-Oslo og omegn gjennomført 11.12.24, Eldrid Nedrelo, Kari Sveen, Stein Olav Windingstad - SNO.
- 06.11.2024 Fellesmøte – Verneområdeforvaltning og besøkssentra i Luster kommune, Ole Øyen (Breheimsenteret), Magnar Bjørk (Fortunsdalen besøkssenter), Trygve Snøtun (Jostedalsbreen), Aina-Elise Stokkenes (Breheimen), Marte Meland (Luster kommune), Eldrid Nedrelo
- 05.12.2024. Teamsmøte. Samarbeid toppturteljing i Hurrungane – Høgskulen i Vestland og Jotunheimen nasjonalpark. Vegard Vereide (HVL), Eldrid Nedrelo.

- 12.11.2024. Fortunsdalen besøkssenter – planlegging informasjon. Magnar Bjørk (besøkssenter), Aina-Elise Stokkenes (Breheimen), Eldrid Nedrelo
- 09.12.2024 Møte om motorferdsel med Årdal kommune, Styreleiar Leif Solemsli, Mette Hestetun Berg (kommunedirektør Årdal), Christian Sønstlien ordfører i Årdal og styremedlem, Eldrid Nedrelo, Kari Sveen (på Teams), Stein Olav Windingstad (SNO)

4.2 Skjøtsel og vedlikehald

Kvart år blir det utført skjøtselstiltak i dei svært verdfulle kulturlandskapsområda i Utladalen og ved Gjende. Arbeidet blir administrert av SNO, og ein del tiltak blir utført ved tenestekjøp frå fjellstyra og lokale aktørar.

4.2.1 Jotunheimen Vest / Utladalen:

Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerer skjøtsels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen, på oppdrag frå SNO og forvaltninga. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtselsplan. Dette omfattar slått av enger og beitepuss, slått kring tun, hogst og krattrydding. I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau, og det var styrt beite med hest for å redusere behovet for slått. Spesielle skjøtselstiltak med styving/rising av alm, selje og lind er vidareført. Skjøtsel i Øvre Utladalen vart ikkje gjennomført i 2024 pga. manglande kapasitet i sameiget som hadde oppdraget.



Hagemark er ein av fleire viktige naturtypar som blir skjøtta i Utladalen, i samsvar med skjøtselsplanen.

I 2020 vart det sett av midlar til revisjon av Skjøtselsplan for Utladalen landskapsvernområde. Det skal formulerast forslag til bevaringsmål og forslag til oppfølging med tiltak og overvaking for dei aktuelle naturtypelokalitetane i tråd med fagsystem for verneområdeforvaltning, NatStat. Vegetasjonsrådgjevar Tanaquil Enzensberger leverte sitt utkast i 2022. Revidert plan er under behandling for formell godkjenning, i tråd med gjeldande krav. Mange større saker til oppfølging gjer at framdrifta er forseinka.

4.2.2 Jotunheimen Aust:

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebu-området baserer seg på skjøtselsplanen frå 2001, og med justering i tråd med evaluering av status og tiltak gjennomført av Miljøfagleg Utredning i 2011. Evalueringa konkluderer med at tiltaka som har vore gjennomført med avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt har hatt ein positiv effekt på landskapet og saman med beiting verka positivt på det biologiske mangfaldet. Rapporten tilrår slått av seterkvea for å fremje artar som kan gå attende ved for sterkt beitetrykk (marinøklar). Slått blir utført saman med Storådalen beitelag annakvart år, og vart gjennomført 10. august 2024. Skjøtsel med geit som beitedyr ved Gjendebu starta opp i 2009, og vart vidareført i samarbeid med ny vert i Gjendebu i 2024. Fjelloppsynet i Lom har også i 2024 utført skjøtsel i bjørkeskogen i området.



Firbeinte skjøtselsmedarbeidarar i Gjendebu

4.3 Tilrettelegging for friluftsliv og besøkande i verneområda

Tilrettelegging for besøkande i Jotunheimen og Utladalen er høgt prioritert av nasjonalparkstyret. Som det går fram av kap. 3.2 Økonomi, var det sett av i alt 1,1 mill. kr. til stiarbeid og ulike typar tilrettelegging i 2024. Kwart år blir det i tillegg utført rydding og ettersyn/vedlikehald av tidlegare utførte tilretteleggingstiltak med informasjonstavler og grenseskilt. Arbeidet blir administrert av lokalt SNO, og ein del av tiltaka vert utført ved tenestekjøp frå fjellstyra og lokale aktørar. Supplement med droneskilt på innfartsårer der ein registrerer behov er utført.

4.3.1 Stiltak Besseggen og Øvre Leirungsdalen

Største enkelttiltaket i 2024 var reparasjon av Besseggen-stien etter omfattande erosjonsskader under uveret «Hans» i 2023. Firmaet Kristian Gården & Sønner frå Vågå gjorde eit godt arbeid med stien, med høg vekt på å unngå terrengskader på sidene. Prosjektet hadde tett oppfølging for å samordne arbeidet med anleggsarbeidet til Nasjonale Turistveger som foregjekk parallelt.



For å unngå køyreskader i terrenget vart det grusa opp ein mellombels anleggsveg i sjølve stitraseen, og arbeidet starta øvst i parsellen. Den mellombelse anleggsvegen og overflødig grus vart fjerna etter kvart som dei arbeidde seg ned mot parkeringa.

Vågå fjellstyre har starta arbeid med kanalisering av ferdsel på våte parti i Øvre Leirungsdalen for å førebygge slitasje på vegetasjonen på sidene. Arbeidet held fram i 2025.



Nokre plasser gikk det fint med «dobbel» klopp.



Gjermehel ved hytta ved Øvre Leirungen.

Foto: Vågå fjellstyre

Lom fjellstyre utførte tiltak på Besseggstien opp frå Memurubu, og kartla samstundes behovet for vidare tiltak.



Før



Etter



4.3.2 Utsiktspunkt Vettisfossen

Utsiktspunktet opna i juni 2023, og ferdselsteljar utplassert i 2024 tyder på ein markert auke i ferdselen. Området vil bli fylgd opp med registrering av bruken av området, og fortløpande vurdering av nødvendige tiltak.

4.4 Arrangement i verneområda

- 17. mai på Galdhøpiggen har vorte eit årvisst arrangement, utan motoriserte hjelpemiddel eller andre tiltak som krev dispensasjon.
- Besseggløpet vart arrangert laurdag 15. juni 2024, med 150 startande i konkurranseklasse og 87 i mosjonsklassa.

Oppsynet har ikkje registrert uheldige hendingar eller brot på vernereglane i samband med arrangementa.

4.5 Randsonearrangement

- High Camp, Turtagrø. Årleg arrangement med vårskiløping, som også går inn i nasjonalparken. Fri Flyt arrangerte *High Camp* 2.-5. mai 2024.
- Vinjerock ved Eidsbugarden/Fondsby vart arrangert 18.-21. juli 2024.
- Fjellløpet Jotunheimen Trail Run går i området rundt Bygdin, med krevjande fjellruter på 13, 21 og 70 km.

5. Vidare arbeid

5.1 Revisjon av forvaltningsplanen

Det var ein omfattande prosess med revisjon av den gamle planen frå 1998 i perioden 2004 – 2008.

Forvaltningsplanutkast med tilråding frå daverande Direktoratet for naturforvaltning i 2008 har vorte brukt som rettleiande dokument. I samråd med Miljødirektoratet kom ein fram til at revisjonsarbeidet måtte starte på nytt pga. dei mange endringane som kom til i prosessen da KLD slutførte dei nye verneforskriftene, som vart vedtekne 14.11.14. Revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter starta opp i 2015, men var sett på vent i 2018, som følge av langvarig vakanse i den eine forvaltarstillinga.

Melding om ny oppstart av revisjon, i medhald av nye verneforskrifter og nye føringar i overordna nasjonal politikk og naturmangfaldlova, vart sendt ut ved brev av 09.07.2021. Den nye forvaltningsplanen vil vera ein digital / nettbasert plan.

5.2 Besøksstrategi

Jotunheimen og Utladalen vedtok den første besøksstrategien i 2012. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret, og vil vera ein del av forvaltningsplanarbeidet. Besøksstrategien vil bli oppdatert i arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen og tråd med ny mal. Besseggen som Nasjonal Turiststi har eigen besøksstrategi, og forvaltar har delteke aktivt i arbeidet med denne.

5.3 Kartleggingsarbeid

Nye verneområde har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområde som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det auka fokus på å setje konkrete mål for utviklinga i verneområda. Frå og med 2021 skal det vera konkrete bevaringsmål for ønska naturtilstand i store verneområde. Utfyllande kartleggingsarbeid vil vera avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning fram i tid.

Det er lagt vekt på å bygge opp kunnskapen om verneområda, ved bestilling av fagrapportar når ein har ressursar:

- Sårbarheitsvurdering for rovfugl i Aust-Jotunheimen, Kistefos Skogtjenester 2015
- Samanstilling av kunnskap om villreinen i Vest-Jotunheimen, Fagnotat Øyjordet/Bøthun, 2016-2017
- Fagnotat om sykling i verneområda, Ingvild Øyjordet, 2016.
- *Supplerende registreringer av fugl i Vest-Jotunheimen/Utladalen i 2018*. Kistefos Skogtjenester
- *Utladalen landskapsvernområde, supplerende kartlegging av jaktfalk i 2019*, Kistefos Skogtjenester.
- *Sårbarheitsvurdering i Leirungsdalen i Jotunheimen nasjonalpark i 2021*, rapport 2021-55, Kistefos Skogtjenester
- *Gjendebuområdet i Jotunheimen Nasjonalpark Oppdatering av kunnskap om naturmangfold og sårbarheitsvurderinger*. Kistefos Skogtjenester as, rapport 2023-3.

5.4 Kampanje / informasjon

Saman med Norsk Fjellsenter laga ein kampanje om sporlaus ferdsel i 2020. Dette vil bli fylgd opp med jamlege påminningar.



5.5 Implementering av merkevaren *Norges Nasjonalparker*

Dette er ein del av merkevarebygging til Miljødirektoratet, der Jotunheimen var ein av fire pilotar.

Pilot utkikkspunkt Sognefjellet ved Sognefjellshytta viser den mest omfattande forma for innfallsport, medan andre sentrale startpunkt har fått sine informasjonstavler i tur og orden.

Status for innfallsportane i høve til ny merkevare:

Utkikkspunkt	
Pilot innfallsport Sognefjellshytta	Pilotsatsing, inkl. gangbru og opparbeidd sti, 2018. Reklamasjon på glastavler, erstatta med aluminiumstavler i 2021. Rekkverk utskifta med ei ny løysing som blir demontert kvar haust for å unngå snøskader (driftskostnad).
Pilot innfallsport Sognefjellshytta, tilpassing og ferdigstilling rundt ny terrasse	Gangveg for kanalisering av gangtrafikk mot brua frå aust vart ferdigstilt i 2023. Framtidig vedlikehaldsgrusing av gangvegssystem blir dekt over grunnstøtte drift.
Sikteskive der ein ser mot Fannaråken Hurrungane og Smørstabbtindane,. Namn på fjelltoppane er gravert på sikteskiva.	Ferdigstilt 2023, reklamasjon på oppripa aluminiumsplate, til utbetring før sesongen 2025.
Utsiktsplattform Vettisfossen	Forprosjekt 2020. Prosjekt 2021. Bygd 2022. Opna juni 2023. Plan for forvaltning/drift/vedlikehald. Vidareføre stiltak
Startpunkt	
Skiltstativ med nye stålskilt Krossbu og Turtagrø	Del av pilotprosjektet, Utført 2018. Reklamasjon på glastavler, erstatta med nye aluminiumstavler i 2021.
Skilt samlokalisert med andre Tavler Gjendeosen og Reinsvangen	Samarbeid med Nasjonale Turistveger, 2019
Nye skilt på eksisterande stativ Juvflya Gjendebu og Memurubu Koldedalen	Del av pilotprosjektet, utført 2018 Utskifting gamle skilt 2018, falma skilt fornya 2023 Utskifting med ny karttavle, utplassering i 2025
Eidsbugarden	Erstatta skilt med eitt i nytt design 2020. Format tilpassa kommunal informasjonstavle. Øydelagt skilt må skiftast, etter dialog med Vang kommune.
Glitterheim ved bom i Veodalen	Erstatta portstolpar med markørar i nytt design 2020. Utskifting skilt, eksisterande stativ 2019-21. Oppfølging: oppdatere karttavla i format 90x120 cm.
Utladalen / Hjelle	Tavler montert på cortenstål på oppgradert parkeringsplass, Karttavle med revidert kart til utplassering 2025.
Spiterstulen/Visdalen og Leirvassbu	Ombruk av stativ/skifertavler. Trykk 2021, montert i 2022 Oppfølging: oppdatere karttavlene i format 90x120 cm.

5.5 Verdiskaping

Nasjonalparkstyret vedtok i møte november 2020 å innføre lokale retningslinjer for bruk av tilhørlogo for Jotunheimen som kommersielt merke. Aktørar som oppfyller dei sentrale krava, og som er lokalisert i ein av dei 5 kommunane for nasjonalparken kan søkje om tildeling av merket.

Aktivitetsbedrifta Gjendeguiden i Vågå vart første bedrift som søkte og fekk tildelt merket, men bedrifta er seinare nedlagt. Aktivitetsfirmaet Aktiv i Lom fekk merket i 2021. I 2022 vart aktivitetsbedrifta Fyrst og Fremst i Lom tildelt merket. Tildelinga gjeld for tre år om gongen, og kan forlengast etter søknad. Det er nå berre 1 bedrift med aktivt merke.



Vedlegg – fotoglimt 2024 Jotunheimen og Utladalen

Reparasjon av Besseggstien etter uværet Hans




11.06.2024 – styremøte på Gjendesheim

T.v.: Orientering til styret om naturstien langs Gjende og planar for oppgradering av stien.



T.h.: Anlegget til Statens Vegvesen, Nasjonale Turistvegar, ved Gjendeosen.

August: Slåttehelg i Gjendebu, saman med SNO, Lom fjellstyre og Storådalen beitelag



Ryddeprosjekt:

DNT Oslo og Omegn har utført omfattende rydding etter tidlegare bruk på Fannaråken. Meteorologisk institutt gav økonomisk bidrag for fjerning av skrot etter drifta av den gamle værstasjonen.



Bilete frå saneringsarbeidet – Foto DNT Oslo og Omegn

Den gamle trekantshytta til NVE på Austre Memurubreen hadde ikkje vore brukt på fleire tiår, og hytta vart i 2024 fjerna i samarbeid med Lom fjellstyre.

Før (foto Kari Sveen):



Utflyging – foto Eilev Hellekveen



Etter:
Alle spor etter hytta
er fjerna. (foto:
Eilev Hellekveen)

Ny natursti vart sett opp i samarbeid med Utladalen nasjonalparksenter langs Vettisvegen frå Skori til Vetti, til saman 9 postar (foto Eldrid Nedrelo):




Vettisvegen / Folkevegen
Foto: Utladalen naturhus

Synfaring og møte med Monika Lysne på Utladalen nasjonalparksenter 22. oktober



Norges nasjonalparker

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart verna ved Kgl. res. 05.12.1980.



Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01
E-post: post@miljodir.no
Nett: www.miljodirektoratet.no
Post: Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010, Trondheim